

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2018

Guri - utan filter

Side 2-5

Julekonsert med Kathrine Håland Varhaug

Side 6

Julegran- tenning

Side 7

Fotoutstilling

Side 12-13

Bokkafé for barn

Side 38

4H

Side 34-36



Guri - utan filter del 2

Guri Ånestad (1892-1968) er kanskje den mest kjende og særmerkte kvinna som Varhaug har fostra. Livet hennar var ei innføring i livsnyting og ei stadfesting på at ein kjem langt ved å vera seg sjølv.

Av: Sjur Håland

Den månemørke og regnfulle torsdagskvelden, 28. november 1935, skjedde det ei storhending på Varhaug som bygda nyt godt av den dag i dag. Seint på ettermiddagen rulla sørgående damplokomotiv inn på Varhaug stasjon. Konduktøren opna dampventilen og aktiverte bremsene på den prustande, kolfyrte jernhesten. Kvinna som opna døra i eine vogna var i sin beste alder, 43 år. Ho hadde tidsrett kåpe, solide sko med snøring, ein enkel hatt på hovudet og skinnhanskar på hendene. Ho greip fast i messingrekkeverket ved kupedøra og svinga seg elegant og sjølvikkert ned stigtrinet og ut på perrongen. Ei bydame, ja visst, men ho visste godt vegen vidare der ho kryssa jernbanelina og sette kursen målbevisst mot eit kvitmåla hus på austsida av jernbanen der det alt lyste gult frå dei smårutete vindauga.

Kvinneorganisering

Kvinna var den utflytte, fargerike og fritalande frøken Guri Ånestad. Busett i tjukkaste Stavanger.

På NRK: Guri Ånestad, stø, fjåg og trygg, fotografert saman med ei ung Ingrid Espelid i samband med NRK-intervjuet i 1966. Guri var medlem i Kringkastingsrådet, og hadde også her meiningar om det meste. I intervjuet avslørte ho at ho gjerne lytta til Barnetimen for dei minste. Ukjent fotograf.

Dotter til Malena og Erik Svensson Ånestad. Fødd i 1892 og oppvaksen på Ånestad. No skulle ho heim til Varhaug. Denne gongen var det ikkje slektsbesøk som var målet. Ho skulle samla bygdekvinne i ein organisasjon. Ikkje plent til kamp og opprør, men til samhald og arbeid for vekst og framgang i heimane og i bygda.

Kvinnesak stod ikkje høgt på dagsorden på Varhaug i 1935. Det var ikkje meir enn 22 år sidan kvinnene fekk stemmerett i Norge. Dessverre må me vel konstatere at kvinnene opererte i skuggen av mennene på den tida. Mannen gjekk føre. Kvinna gjekk etter. Men Guri gjekk sin eigen veg.

I lyset av dåtidas kvinnesyn er det kanskje ikkje så rart at mennene var med på stiftingsmøtet til

Varhaug Kvinnelag, laget som etter krigen vart heitande Varhaug Bondekvinnelag, og som i dag heiter Varhaug Bygdekvinnelag. Det var heilt naturleg at mannfolka var med. Karane var gode å ha med på laget. Dei likte å kjenna seg viktige. Frå kvinnene si side var det god kvinnelist å la mannfolka få inntrykk av at dette var noko dei også var med på. Med andre ord; vinn, vinn.

Mest sannsynleg er det at det var Guri Ånestad som leia kvinnene og dominerte kvelden då Varhaug-kvinnene fann saman om felles sak og mål. Ho var uredd og kunne setja svoger, Peter Vagle og dei andre mannfolka på plass om dei prøvde seg på innblanding. Guri hadde alt lang erfaring med organisasjonsarbeid og var rusta med eit sterkt engasjement.



Gurigarden

Å finna ut ordrett kva ho eigentleg var oppteken av og kva synspunkt ho hadde, kan vera noko komplisert 50 år etter at ho døydde. Det me veit, er at ho fekk ei grundig utdanning. Husmorskulen på Sømme vart unnagjort same året som den store krigen braut ut i Europa, i 1914. Mat og husstell vart yrkesvegen. Guri tok husstelllærareksamen ved Dystingbo på Hamar i 1919 før ho tok til som hjelpekokk og seinare kjøkkensjef på Stavanger sjukehus.

Arbeidet var tungt, og dagane var lange. Det var ho godt van med. Ho må ha hatt ein draum om å starta for seg sjølv, der ho stod med kvit arbeidsbluse og laga mat til pasientane over dei dampande grytene i kjøkkenet på sjukehuset. Gleda og interessa over alt matstellet ho såg og var med i på kjøkkenet og i eldhuset på Ånestad i barneåra slapp ikkje taket. Ho var ikkje lei av oppvask og brende grautgryter. Det store steget i yrkesvegen tok ho i 1934. Då starta ho eiga spiseforretning i Peder Klowsgate i Stavanger. Ho skifta gateadresse ein gong i 1940, før ho flytte til det som vart kalla Gurigarden, Dronningens gate 20, der ho var alle tiders kokk og vertinne fram til ho var vel 75 år gammal, kort tid før ho vart sjuk og døydde i 1968.

Travelt liv

Samstundes med yrkeskarrieren, hadde Guri eit heseblesande liv gjennom frivillig arbeid og stort samfunnsengasjement. Korleis ei kvinne som dreiv eiga verksemd fekk tid til å reisa land og strand rundt og kåsera, halda festtalar, delta i tevlingar eller skipa bondekvinnelag

saman med alt det andre, er eit aldri så lite mysterium. Hetland Bondekvinnelag (Hetland kommune er i dag ein del av Stavanger) var hennar lag. To år etter at ho var med på skipinga av bondekvinnelaget på Varhaug, i 1937, vart ho valt til leiar (det heitte formann då) i Rogaland Bondekvinnelag, og stod i spissen for å etablera fleire lokale bondekvinnelag i fylket. Å fremja saker som viktigheita av næringsrik kost og husstell, kan verka temmeleg underleg i dag. Men den gongen var ressursane var knappe. Sosiale tryggleiksnett mangla, folk hadde lite, både av kunnskap og ressursar. Då kunne eit føredrag om matstell av Guri Ånestad utgjera ein stor skilnad.

Åleine blant menn

Det blir lett ei oppramsing, men for å summera Guri Ånestad sitt liv på få linjer, kjem ein ikkje utanom. Guri var aktiv i Bondeungdomslaget (BUL). Formannsvervet i Rogaland Bondekvinnelag hadde ho fram til verksemda vart lagt ned i krigsåra 1940-1945. Etter krigen tok ho fatt på arbeidet att og sat som formann fram til 1950. Å gå i klinsj med mannfolka, hadde ho lite i mot. Som bygdekvinnelagets representant i Norges Bondelag sitt representantskap, var ho truleg heilt åleine blant menn, men aldri redd for å ta ordet. Innsatsen kvinnene la ned på tungdrivne norske gardsbruk var avgjerande, men lite skatta. Ho var brennande engasjert i alt som kunne bidra til å letta arbeidet og betra husstellet. Så er det mykje meir å nemna frå det aktive livet hennar. Som at ho var ein forkjempar for å få på plass ein statue av den store jærddiktaren, Arne Garborg, i Byparken i

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Lenita Salte, bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ane Mjåtevit, bygdeungdomslaget

1. varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

2. varamedlem

Astrid Skreting, Lensmannsløa

Redaktør

Liv Hobberstad





***Mykje smak:** Det skulle ikkje sparast i matvegen der det var fest og Guri Ånestad stod for serveringa. Her er ho i ferd med å setja ein smørpig på bordet. Ukjent fotograf.*

Stavanger, og at ho i ei årrekkje var medlem av sjølve Kringkastingsrådet og det lokale Programrådet.

Tolerant

I desse få linjene er det berre plass til einskilde hovudtrekk om kvinna frå Ånestad som røykte filterfrie South State-sigarettar (su-stait, sa dei på Varhaug) og serverte komler med dott, søte kaker og lun konjakk til overvettes begeistra bohem-spisegjester i Stavanger. Etter å ha gått raskt gjennom nokre av spora etter Guri, går det an å stilla spørsmål om kven ho var - eigentleg - sånn heilt på botn. Hadde Guri vore til stades, ville ho kanskje gitt klare svar. Det blir sagt at ho hadde meinings mot, at ho var ung i sinn og svært tolerant. Ho gjorde lite skil på folk, og såg det som sjølvstakt at kvinnene skulle jamstillast med mennene, truleg både økonomisk og sosialt.

Kva ho meinte og kva ho sa om dei mange ulike problemstillingane ho var engasjert i, kjem ikkje alltid like tydeleg fram i festskrifta og nekrologane etter henne. Der er det oftast den glitrande vertinnerolla og dei kjappe replikkane som blir referert.

Men det er lite tvil om at måten ho sa ting beint fram på vart verdsett. Også av dåtidas elite. Vart noko sagt som ho var usamd i, kunne ho gjerne omtala det som «toskaskab». Slike ord kunne ikkje den intellektuelle fiffen bruka. Ho hadde med seg dei beste eigenskapane til Stavanger frå Ånestad og Varhaug. Klar tale, rausheit og sans for hardt arbeid og ein velfortent fest.

Guri Ånestad var jærbu, utan filter. Fred over minnet hennar!



**Som tidlegare år,
vil og Linus Nord
Varhaug spela i
Stuelandbygget på
julaften kl. 10.00.**



Nytt frå Misjonshuset

Nå er det julemessetid. Men når Varhaugbuen ligger i postkassene, så er nok for lengst julemesse-kronene sendt til de sentrale bankkontoane til organisasjonane som arrangerer dem. Og på Jæren har det som regel vært store tall ein opererer med som inntekt frå messene, - og hermed takk til dere som står på, - år etter år, - og arrangerer, og baker, og finner på flotte gevinstar. Og til alle som deltar med sang eller bakst eller «bare» med pengar.

Vi er snart ferdig med 11 månader, og 1. desember er det lagt opp til konsert med Kathrine Håland Varhaug og Hananja. Det blir noko vi kan glede oss til.

Og så synger vi jula inn 16. desember. Og same dagen er det middag for «vi over 60». Det pleier være god mat og drøs på disse middagane.

I jula er det annendagsfesten, som no ungdomslaget står for. Og 27. desember er dagen for søndagskulens juletefest.

Og så vert det nyttårsfest for ungdomslaget når me er framme heilt på rampen av år 2018.

Eg håper at alle er klar over den tradisjonsrike Auestadbasaren som vert laurdag 5. januar.

Og etter den basaren følger ein periode med årsmøter

Sjå program på oppslag og i annonsar og følge med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

*Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid*




FRÅ REDAKSJONEN

Det gamle uttrykket «som julekvel-den på kjerringa» dukka opp hos meg nyleg. Eg tykte eg nett var ferdig med blad nummer 3, og så skulle eg til att med blad nr 4? Grunnen var sjølvstakt at eg var vel mykje på farten etter sist blad. Eg hadde planlagt to turar, men i staden vart det fire, og då var det nok ikkje så rart at eg følte blada kom vel titt.

Nå kan eg snart sjå tilbake på nok eit år med Varhaugbuen. Dette er gildt arbeid, og ein god «hobby» i pensjonisttida. Veit ikkje om alle er klar over det, men har du kasta eit nummer som du gjerne ville lese meir i, så finn du det på nettet. Der ligg alle nummera gjennom åra samla. Og vil du ha eit ekstra blad ein gong, så berre ta kontakt. Eg har som regel alltid litt på lager.

I fjor på desse tider skreiv eg om alt regnet me hadde hatt gjennom året. I år hadde me ein fantastisk tørr sumar, men sandeleg har me hatt det vått i ettertid. Får nå berre håpa på ein fin vinter.

Det er i grunnen først når eg sit og arbeidar med bladet, at eg ser alle dei ymse aktivitetane det er i bygda, både for store og små. Og nå er det julemessetid med alt som høyrer med der. Det er ikkje få frivillige timar som ligg bak her, eller på dei andre aktivitetane i bygda gjennom året. Alt dugnadsarbeidet er nok ein av grunnane til at Varhaug er ei god bygd for alle.





Julekonsert med Kathrine Håland Varhaug og Hananja

Øvinga er godt i gang så nå er det bare å glede seg til julekonserten som skal vera lørdag 1 desember kl.19.00 på Varhaug misjonshus. Denne gang vert Hananja med, og det gler eg meg veldig til! Me held og julekonsert sundag 2 desember kl. 19.00 i Undheim kyrkje.

Tusen takk til koret, kjekt å ha dei med dette året. I tillegg til Hananja vert dei faste musikanane og koristane og med!

Dette vert ein flott kveld med bl.a friske gospelsangar og tradisjonelle julesangar.

Konserten er gratis, men det vert anledning til å gje ein gave til «Hope for justice». Dette er ein bevegelse som kjempar mot det moderne slaveri. «No more slaves» er eit av deira utsagn. Bevegelsen har redda hundrevis av menneske, frå babyer mindre enn eit år, til vaksne opp til 63 år. Håper du vil vera med og støtta det flotte arbeidet i Kambodsja og Vietnam slik at fleire menneske kan bli sett fri!

Velkommen til stemningsfull julekonsert på misjonshuset lørdag 1 desember kl.19.00



julegrantenning

Varhaug fredag 30.11.2018
kl 17:30


Korpset spiller, kort apell av Terje Vik,
sang av Varhaug yngres- og ungdomskor,
gange rundt treet, nissen kommer.

(overraskelse til barna mellom 0-13 år)

Velkommen!

Arrangeres av Varhaug Misjonshus og Varhaug bedriftsforening

To som legg ned eit stort frivillig arbeid i lokalmiljøet



Fylkesleiar i RBK, Astrid Hammersmark, Bjørg Reime Håland og Oddbjørg Skrettingland

Søstrene Klara Reime Ueland og Bjørg Reime Håland har – mellom anna – i mange år vore engasjert i Røde Kors. Klara har vore med i 40 år og i tillegg har ho hatt styreverv i pensjonistlaget på Varhaug i fleire år. Bjørg har og vore ein utruleg støttespelar i bygdekvinnelaget, og det er der eg kjenner ho best. Me har og vore medlemmar mest like lenge, eg frå

1972 og ho frå 1976. Ho var ein stødig kasserar i mange, mange år. Og det var ho som gjorde at laget kunne fungera då Aud Håland og eg sleit med for få folk i styret. Trøysta var at me hadde med oss Bjørg, som tok seg av økonomien. På årsmøtet til Varhaug bygdekvinnelag i september, vart Bjørg heidra for langt medlemskap og mykje godt arbeid i laget med

NBK si hustavle med namn og NBK si mål.

Klara fekk månadens frivillig pris for august frå Rogaland Røde Kors, og denne utgreiinga om grunn til prisen, fekk eg sendt over frå kontoret deira. Liv

Månedens frivillig for august

Av: Elisabeth Berg Sakkestad, Røde Kors

For august måned har arbeidsutvalget kåret Klara Reime Ueland som månedens frivillig. Klara er frivillig i omsorgsavdelingen i Nærbo Røde Kors, og aktivitetsleder for besøkstjenesten i lokalforeningen. Klara har vært aktiv frivillig i besøkstjenesten i nesten 40 år, helt siden 1979.

Da jeg var ung hadde vi min farmor boende hjemme hos oss, og med dette fikk jeg et stort engasjement for eldreomsorg. Jeg brenner for denne gruppen, forteller Klara. Broren hennes var også med i hjelpekorps da hun meldte seg inn, og Røde Kors ble et naturlig valg både for henne og flere andre i omgangskretsen som startet i aktivitet samtidig.

Tidligere var Klara leder for besøkstjenesten og senere omsorgsavdelingen i Nærbo Røde Kors i mange år. Nå er det organisering av sosiale treff for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne som er det hun bruker mesteparten av sin tid som frivillig på. – Det å få arrangere disse treffene er utrolig givende og det er kjekt at de samme kommer igjen gang etter gang. Klara beskriver et godt samhold mellom de frivillige, og det er mange som samarbeider i lokalforeningen får å få dette til. De eldre deltakerne blir transportert til og fra arrangementet i mannskapsbilen som kjører mange mil hver gang

for at de som ikke kommer seg ut ellers skal få denne muligheten. – Når det lyser i øynene til deltakerne er det «voldsomt gildt», sier Klara. Aller kjekkest synes hun det er når lokalforeningen får til godt samarbeid med kommunen, og sammen gjør en forskjell i lokalsamfunnet. Til tross for at det er disse treffene som er fokus i hverdagen, var det Klaras innsats i forbindelse med tiltaket «slå ring om Varhaug» i lys av den tragiske drapssaken i august som førte til at hun ble utnevnt til månedens frivillig denne gangen. Da hun hørte varaordføreren snakke om dette tiltaket, plukket hun raskt opp telefonen og ringte og spurte om Nærbo Røde Kors kunne bidra til arrangementet. Kommunen ville gjerne ha Røde Kors med på laget, og det ble annonsert på lokalforeningens Facebookside. – Jeg husker jeg tenkte at hvis det skulle være en gang omsorgsavdelingen skulle stille opp var det da, forteller Klara. – Denne tragiske hendelsen rammet mange, og det var viktig å bidra til å slå ring rundt alle i lokalsamfunnet. Denne mandagskvelden i august møtte ca. 1700 personer opp på torget på Varhaug for vise sin støtte til de berørte. Blant disse var i overkant av 20 lokale Røde Korsere, både fra omsorg og hjelpekorps til stede. – Alle som kunne være der denne kvelden var der, sier Klara.

Klara Reime Ueland



Arbeidsutvalget roser Klara for hennes innsats og raske respons i forbindelse med «slå ring om Varhaug». Hun fulgte med i timen, og bidro til å dekke et akutt humanitært behov i lokalsamfunnet. Klara viste handlekraft i en krevende situasjon, og gikk foran som et godt eksempel sterkt forankret i Røde Kors-prinsippene og organisasjonens oppdrag. Arbeidsutvalget trekker spesielt frem viktigheten av tett samarbeid med kommunen i slike situasjoner, og Klaras evne til å engasjere og få med seg andre i det hun brenner for. Hun tør å gå sine egne veier og sette tanker ut i livet. Hun tok initiativ da det trengtes som mest. Vi er takknemlige for å ha Klara med oss i Røde Kors, og gratulerer så mye med utmerkelsen.

Bonde a1-a4



Hå skulesjakk

Skulesjakken har no i haust vore på Ogn skule, i eit klasserom ved hovudinngangen. Det har dabba av med antal som kjem, men kanskje VM-kampen mellom Magnus Carlsen og Fabiano Luigi Caruana kan få opp lysten til å spele sjakk igjen. Hå skulesjakk var den nest største skulesjakkklubb i Rogaland for nokre år sidan, med 43 medlemmer.

No har det vore jamt to gutar og ei jente i haust. Vi spelar på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845. Og eg tar gjerne med nokre i bilen når eg køyrer sørover til Ogn om torsdagane, Oppstart etter jul vert 10. januar.

Og me legg opp til Håmeisterskap i sjakk for skuleelevar. Alle som går på skule og bur i Hå er kvalifisert til å delta. Det speles i to klassar, nybegynnar og meister.

Hå skulesjakk arrangerte

Kretsmeisterskap for barn og ungdom på Varhaug Misjonshus 20. oktober. På dette KM deltok 74 spelarar frå heile Rogaland. 24 var 9 år eller yngre, 15 var 10 år, 11 var 11-12 år. I klasse for 13-14 åringar var det 17 som deltok, og av dei eldre var det 7 veldig gode 15-16 åringar. Berre ein klasse hadde ingen deltakarar, ungdomar mellom 17 og 26 år. Dei vil nok spele i turneringar der det er rating å få.

Sjå resultat på eiga side i bladet. I gruppe for 15-16-åringar vart Brørne Oskar og Arvid Feed Jakobsen henholdsvis nr 2 og 6.

Klubben vil jobbe litt med å få sjakk meir inn på skulane i Hå. Og satsar på at Norway Chess skuleturnering i juni neste år vil verte ein god arena å møte andre sjakkspelande elevar på.

9-11. november var det NM

for Barn og ungdom i Haugesund. Og frå Hå skulesjakk var det to deltakarar, Roar Sola og Sven Tobias Ueland. Korleis det gjekk kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org> Elles kan du sjå på facebook sida til klubben,

gruppe «Hå skulesjakk».

Sjakk for vaksne

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1900 til bortimot 2200. Haustsemesteret vert avslutta med lynsjakk 12. desember. Så vert det pause til 9. januar.

Klubben arrangerte NorwayChess barneturneringar i fjor i juni. Og klubben vil stå for same turneringa 14-15. juni neste år. Det er Norway Chess i samarbeid med Time kommune som står for arrangement der ein innbyr skular over heile landet til å delta. Ein vil få til rimeleg overnatting på hotell på Bryne. Det vert ei turnering med tre spelarar på kvart lag, helst frå same skule. Og det vert to klassar, barneskulelag og ungdomsskulelag. Verdast beste sjakkspelarar med Magnus Carlsen i spissen kjem og helser på deltakarane og skriv autografar.

Når du les dette bladet, har Jæren sjakkklubb hatt tre turneringar på Klepp Rådhus. To vaksen turneringar: NGP lynsjakk og NGP hurtigsjakk, og ei BGP-turnering for barn. Korleis det gjekk kan du sjå på heimesida til klubben..

Til våren vil me kanskje ha ei turnering med «lang-sjakk», ikkje berre hurtigsjakk, lynsjakk og spesielle sjakkturneringar (som ringsjakk, «Fischer random», «hånd/hjerne»). No har dei spelarane som vil spele langsjakk



Snart premieutdeling

reist til Ganddal og deltatt på Sandnes sjakkklubb sine langsjakkturneringar.

Dersom du spelar sjakk eller har lyst til å prøve, så kom til Bryne på onsdag kveld.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jærensjaakk.no> Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk>.

rogaland-sjakk.org/

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE



Fotoklubben inviterer til utstilling

Foto er en kjempekjekk hobby å holde på med og Jæren er en godteskål av flotte motiver. Glade amatørfotografer kan boltre seg i det skiftende været, lyset, landskapet og det yrende fugle-, dyre- og plantelivet.

Dette har vi i Varhaug fotoklubb lyst til å vise når vi nå inviterer til fotoutstilling. Utstillingen har ikke et bestemt tema, men viser et mangfold av bilder som medlemmene i klubben har tatt. Vi har vært så heldige å få ha utstillingen i andre etasje i Stuelandbygget på Varhaug og håper så mange som mulig kommer og ser på. Kanskje du også har lyst til å være med i en fotoklubb? Varhaug fotoklubb har plass til flere fotoglade medlemmer. Besøk gjerne facebooksidene vår og send oss en melding hvis du er interessert i medlemskap: <https://www.facebook.com/Varhaug-fotoklubb-1866585340234748/>

Velkommen! Kristin Søyland

Varhaug fotoklubb inviterer til **FOTOUTSTILLING**



Varhaug
Fotoklubb

Hvor? Stuelandbygget, Varhaug - 2.etg

Når? 30/11 - 21/12

Hvorfor? Bli inspirert av flotte foto og bli gjerne med oss i klubben!



Mange utmerkelser

Elgane sine utøvere har vist godt igjen i sesongen, dette lover godt for neste år også. Klubben blir godt representert når Kommunal Påskjønning for 2018 skal deles ut i de respektive kommunene.

Motocross: Mathea Selebø: NM Gull motocross, Sokndal kommune.

Speedcross: Magne Klingsheim, NM Gull i klassen MX åpen, Klepp Kommune

Speedway: Espen Sola og Glenn Moi, NM Par Gull, Hå Kommune

Espen Sola, Glenn Moi, Tage Skretting, NM Lag Gull, Hå Kommune

Lasse Fredriksen, NM Gull individuelt, Hå Kommune

I tillegg har jo Mathias Pollestad stått for det største, nemlig EM gull i 85 cc speedway. Når det gjelder kommunal påskjønning gjeld dette junior (det året en fyller 16), senior og veteran, så her er Mathias for ung til å få noe - denne gongen.

Men - i helgas Motorsportkonferanse som vart arrangerer på Gardermoen fikk Mathias lønn for strevet denne sesongen og vart kåra til "Morgendagens Utøver" for sine gode prestasjoner i EM og VM dette året.

Elgane er utrolig stolte av å ha Mathias i klubben vår!

2019 - mer fart og spenning

På motorsportkonferansen ble det også bestemt at Elgane får tildelt en NM runde i motocross i 2019. Selv om dette betyr mye planlegging og dugnadsarbeid gleder vi oss til dette. Alltid kjekt med NM, og vi håper på fint vær og mange påmelde.

BASAR

Tradisjonen tro held Elgane Julebasar 8. desember kl. 1200. Hovedgevinsten er en sykkel. Det blir også mange andre flotte gevinster gitt av medlemmer og næringsliv.

Serving av grøt og saft. Loddsalg på plassen!

Elin

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,- inkl. patron

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Vennelaget for Lensmannsgarden

Lunsjtreff i Løå - med plass til fleire!!!

- Uformelle treff
- Kvar 2. og 4. onsdag i månaden frå september til april, frå kl 12.00 - 13.30
- Mat av beste sort laga av frivillige som vil vera med å skapa eit godt miljø i bygda
- Måltid for ein femtilapp
- Hyggeleg drøs (laust og fast)
- Har vore arrangert i 3 år

Det plar koma 25 - 35 personar på lunsjtreffa, men med solid kjøkkengjeng, som deler på oppgåva, har me kapasitet til det doble.

Datoar framover:

2018: 28.11, 12.12

2019: 9.1, 23.1, 13.2, 27.2, 13.3, 27.3 og 10.4

Formålet med treffa er å spleisa bygdafolket saman rundt eit godt måltid mat. Me ønskjer at alle som kjem skal trivast og ha lyst til å koma igjen.

For nokre kan det vera ei utfordring å koma aleine eller for første gong. Her er ingen faste plasser og berre hyggelege folk. Me har òg eit vertskap som legg vinn på å ta godt imot alle som kjem.

Datoane for lunsjtreffa finn du også i programmet for Kultur i Løå som er med i kvar utgåve av Varhaugbuen. Ønskjer du i tillegg beskjed på SMS (gratis) eit par dagar før kvart treff, gje beskjed til Odd på tlf. eller sms (911 62 407).



Biblioteket på Varhaug har fått symaskin. Lånarane kan komma og bruka symaskina. Ta med deg alt du treng.

Boklansering på Lerbrekk skule

Det er mest ikkje til å tru, men nå har Vennelaget på Lerbrekk lansert si eiga historiebok, KVAR DAGS FOLK, ei forteljing om Lerbrekk skule og folk frå Varhaug.

Av: Brit Obrestad

Sundag 4. november kl. 13.00 var nordre skulestova og gang stappfull av forventningsfulle Lerbrekkvener og andre. Her var glad trekkspelmusikk av «Agnes og dei» før leiar Sigbjørn Varhaug ynskte alle vel møtt. Han innrømde at han var skeptisk då Tarald Ueland frå Ueland historiske forlag ymta frampå at det måtte skrivast historie om Lerbrekk skule, men etter kvart vart han reven med saman med Sjur Håland som skulle skrive boka. -Og når eg nå ser resultatet, så ser eg det var rett. Det har vore skikkeleg interessant å vera med i denne prosessen saman med Sjur og Tarald, seier Sigbjørn. -Her får me eit i blikk inn i skuletida på Lerbrekk, sundagsskulen gjennom fleire og åtti år, og til sist restaureringsarbeidet som så mange vener var med og gjennomførte. Det var først snakk om ei bok på 120 sider, men så enda me altså opp med denne boka på 240 sider. Her er mykje interessant stoff og mange flotte bileter som fortel si eiga historie. Det har vorte ei utruleg flotte bok som vil glede mange.

Her var så helsingar frå Sjur Håland som fortalde om skriveprosess og historier som kjem fram i boka, Tarald Ueland som sa litt om forlagsprosessen, og så helsing frå ordførar Jonas Skrettingland.

Allsong vart det og, med tonefylgje av «Agnes og Dei», først Ragnar Fitje sin song, «Varhaug mi heimbygd». Deretter «Sangen til bygda».

Det vart så høve til å kjøpe boka, og til kaffi og kaker i midtre skulestova og i lærarbustaden. Her var tid til å setja seg ned og prate med kjende og ukjente. Handelen gjekk godt. Sjur fekk det skikkeleg travelt med å signera boka. Med

eit opplag på 500 bøker ser det ut som nesten halvparten allereie er selde. Det lovar godt.

Kl. 15.00 var det så tid for meir underhaldning. Me fekk då først musikk av Lars Ole Bergersen på fiolin, før Dag Madland og Richard Madland slutta seg til med Dag sine viser om både steinhentinga på Odland, Stasjonsgadå på Varhaug, og andre heimslege, lettkjennelege ting. Lars Ole Bergersen var med også på desse.

-Dette var ein skikkeleg gilde dag, var det ei som uttalte etterpå. Og det trur eg me i styret for Vennelaget kan slutta oss til og sei: dette var stort!



Dersom du ynskjer å kjøpe boka, kan du ta kontakt med Sigbjørn Varhaug, tlf. 97053731, eller Sjur Håland, tlf. 98209381.



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



MOB: 911 52 104

ODLAND 4/S
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG





Kunst & Kult for 10. gong på Lerbrekk

Like så sikkert som me kjem til siste helg i oktober og sommartida sluttar, like sikkert har det vore for 10. år på rad at Kunst & Kult har utstilling på Lerbrekk skule. Det var Klara Pil og Viola Krans som starta opp for 10 år sidan. Etter kvart har det vorte med fleire utstillarar, og dei som har vore med har endra seg litt kvart år. I år var Viola Krans, som flytte til Danmark for nokre år sidan, attende for å vera med på jubileet. Veldig kjekt å få denne kreative dama tilbake. Dei andre som var med, var forutan Klara Pil og Viola Krans, Nina filtmaker, Aud Lavik-Vesker, Køhlerpaviljongen, Stavanger Glassblåseri, Torhild F. Jacobsen-Keramikk, Bakka Smykker og Lysrommet-lamper. Sistnemnde var ny for året, og kom heilt frå Oslo.

Kreative er dei alle, det syner på korleis dei dekorer og stiller ut – ikkje berre i skulestovene, men ute på plassen, i vedskjulet og utedoen dekorer dei. Herleg! Dei har sett opp som ei fortelt sør for bislaget slik at folk kan sitje ute med kaffien i tilfelle det vert for fullt inne. Der låg det tepper til å ha over knea, så ingen skulle bli kalde.

Starten på det heile var at desse to damene ville finne på noko kjekt midt på den mørke, sure og litt gufne hausten, og så har det altså etter kvart vorte ei svært så populær utstilling. Dei første åra ordna dei alt sjølv med både utstilling og kafé. Men det vart for kave å ha kafeen i tillegg til utstilling, så derfor har

Vennelaget på Lerbrekk teke over kafeen. Og Klara Pil er veldig godt nøgd med dette. Det er den gildaste utstillinga me har, seier ho.

Haust og oktober kan vera både sur og lunefull, men dette året var denne siste helga i oktober, ei av dei mest strålande helgene me har hatt så langt i haust. Vindstille og sol frå skyfri himmel gjorde det lett for kafévertane å gå mellom kjøkkenet i lærarbustaden og kjøkkenet der oppvaskmaskina står. Ikkje trong utstillarane vere redd for at det som stod ute skulle blåse vekk heller.

Laurdag var det godt sig av gjester, spesielt midt på dagen. På slutten dabba det av og vart nokså stilt. Sondag var det mindre folk enn normalt. Folk prioriterte å gå på tur i staden for utstilling i slikt strålande ver. Det merka utstillarane og kafeen. Men eg såg at folk gjekk med posar i hendene, så det var tåleg bra sal. Og det var absolutt lett å la seg freiste til både det eine og det andre for den som har lyst å handle.

Sidan det var jubileum var det også suppe å få kjøpt i tillegg til kaffi, lappar og kake. Gode Lerbrekk-vener kokte suppe. Ein ekstra takk til dei.

Så er det berre å setje av siste helg i oktober 2019, for då er dei tilbake på Lerbrekk.

Brit Obrestad



Lyrisk kveldsmat med Helge Torvund

Så kom oktober. Hausten har innteke landskapet vårt. Kveldsmørke får oss til å søkje innomhus der me blir merksame på verdien av gode samlingspunkt kring måltid og samtalar med medmenneske.

Den 18. oktober stod “Lyrisk kveldsmat” med Helge Torvund på Løe-programmet. Rundt borda sat eit lydhøyrte publikum. Tina ønskte velkomen og ga ordet til Helge Torvund. Han starta med å lesa sin Eidsvågtekst: “Du har alltid vore ein nølar”. Så fekk me høyra om korleis han frå den første diktsamlinga kom ut i 1977, har hatt ei imponerende rekkje med bokutgjevingar. I vår kom boka TIDSLYS ut. Prologen “Portane åpner seg” blei lesen. Den er skrive til venen Kjell Pahr-Iversen til 80-års dagen. Han las fleire dikt frå boka TIDSLYS. Helge Torvund si varme jærseke røyst fekk oss til å lytta med glede og alvor. Han veksle mellom å lese dikt og fortelje frå eige liv.

På ei tavle var det plassert eit blankt gult ark. Torvund fortalde om boka: FilosoFISK. Boka har teikningar og korte dikt/fengjande ordspel. Han understreka for oss at “-det er ille nok som det er”. Medan Helge Torvund fortalde om dette, laga han ei filosoFISK teikning på det gule arket. Han orienterte om nettstaden sin filosofisk.no. Der blir det publisert tre nye teikningar med tekst kvar fredag. Me høyrde om samarbeid med den svenske lyrikaren Bengt Berg som resulterte i ei bok der Torvund sine tekstar er omsett til svensk og Berg sin tekstar er i nynorsk språkdrakt.

Så var det kveldsmat. Avlørsargjengen hadde laga eit festbord med nysteikte rundstykkje, godt brød og eit rikt utval av pålegg. Rundt borda koste me oss med velsmakande mat og godt drøs.



Etterpå presenterte Torvund to andre bøker. I diktantologien “Ren trøst” har han samla dikt frå fleire forfattarar - anonyme og kjende. Mange menneske finn trøyst i å lesa litteratur. Torvund dvelte med kva det vil sei å trøysta. Kva er god trøyst for den som har sorg/smerter? Han lurte på om me var merksame på korleis vår “trøyst” stundom skapte ei tilleggssmerter hos den andre.

Nyleg kom boka “101 dikt om kjærleik” ut. Torvund reflekterte over at det til alle tider er skrive eit vell av kjærleiksdikt. Kva er det med kjærleikt og diktning undra han?

Til sist snakka Torvund om korleis me alle har trong til å finna ein heim. Kvelden vart avslutta med diktet som, frå sommaren 2018, ivaretek oss på Varhaug: “Ein heim”.

Ingunn Alice Einervoll



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

Julestjerner



JULESTJERNENE KOMMER TILBAKE

Tre nydelige stemmer bæret oss med stemningsettende julesanger i fjor.
De var lette å be tilbake i år....

Artistene Hanne Sørvaag, Randi Tytingvåg og Britt-Synnøve Johansen har siden julen 2010 gjort stor suksess med sine tolkninger av alt fra tradisjonelle norske julesanger til amerikanske klassikere. De velger blant sine favoritter fra julerepertoaret, og sammen leker de seg gjennom et svært allsidig program. I tillegg byr de også på egenskrevne julesanger hvor de deler raust av egne minner og tanker rundt julefeiringen.

Stad: Oppe i Lensmannsløå på Varhaug

Tid: Fredag 14/12 Klokken 19:00

Inngang: 350,- (+ avgift) på Linticket og på Bøen

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571



Presenterer konsert med:



Ålveltes er et 8 manns band som har spilt sammen siden ca. 1990.

Bandet spiller en heftig mix av Rythm & Blues, Boogie og Soul ispedd en kraftig dose Fersk Råkk!

En blåserekke med trompet, saksofon og trombone sammen med et meget erfarent og tett komp gjør at bandet utfolder seg innen flere sjangre. Ola Hegrestad som vokalist gir den ekstra Ålveltes opplevelsen.

Høsten 2018 gjorde Ålveltes tre konserter sammen med Jæren gospelkor. En ny erfaring for Ålveltes og enda en sjanger på CVen.

Oppe i Lensmannsløå på Varhaug

Tid: Torsdag 21/2-19 kl 19:00

Billettsalg: På Bøen og Linticket, Pris 200,-

lik" på Facebook "Kultur i Løa" For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571. Spørsmål om Arrangement: 938 13 234



Program for Kultur i Løa vår 2019:

- 14/12 *Hanne Sørvaag, Randi Tytingvåg og Britt-S Johansen`s julekonsert*
- 24/1 *Glimt fra okkupasjonen, Alarmstart, foredrag av Odin Leirvåg, med Hå historielag*
- 21/2 *Ållveltes konsert*
- 21/3 *Torvald Thu – mannen og litteraturen, med Kjell Olav Stangeland*
Oppvarmes med gruppen «Lydlekasje»
- 25/4 *Silo & Saft i 20 år, Jubileumskonsert*
- 17/5 *Kulturkveld med musiker Espen Hana*
- 23/6 *Jonsokfeiring*

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løa er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 12/12, 9/1, 13/2, 27/2, 13/3, 27/3 og 10/4

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

Spørsmål til programmet: 938 13 234

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løa på Facebook



Her går det unna med dugnadsarbeid i aktivitetsparken





Varhaug Bygdekvinnelag

Så var det litt info. frå Varhaug bygdekvinnelag, i slutten av september hadde vi årsmøte og da var det også valg. Valnemda klarte ikkje å overtale Sissel Roa Hobberstad til å fortsettje i styret---(klarte det med oss andre som var på valg.) Astrid T. Skretting erstatta Sissel i plassen - godt jobba - dermed er styret slik : Oddbjørg Skrettingland (leder) Liv Johnsen Reiestad (nestleder) Aud Marit Jelsa (kasserer) og som nevnt Astrid T. Skretting(sekretær), Anne Margrete Ånestad og Olena Kartevoll styremedlemmer med Bjørg Reime Håland som 1. vara. Vi har vore eit godt «team», og vil nok fortsatt være det!

Programmet for våren 2019 er klart;

Torsdag 31. januar kjem

Røde Kors og vil lære oss

litt om førstehjelp o.l.-

veldig nyttig.

Torsdag 28. febr. kjem Elin

Odland Aase og snakker om

div. produkter innen Aleo Vera,

ansiktspleie o.l.



I mars er det sonemøte - og dette år er det Varhaug

som er vertskap og vi har allerede

booket oss inn på Idrettshuset torsdag

28. Sjur Håland har lova å ha kåseri

—så det lover godt for ein jille kveld.

Sonemøte er det bygdekvinnelaga

i Klepp, Time, Orre, Nærbø og

Varhaug som er ilag.

Torsdag 26. april har vi møte lag med Hå Hagelag-

dette år kjem det folk frå

Danmark og vil snakke om

bl. anna utepynt o.l.- dette

vert på Løa.



Sidan siste torsdagen i mai er Kristi

himmelfartsdag vert turen torsdag 23. mai

- foreløpig er det blåtur - men vi skal være heime i

god tid for evtnt.noko anna arr. på kveldstid.

Bygdekvinnelaget har i fleire år alltid hatt våre møter

siste torsdagen i månaden og vil fortsettja med

det, likeeins har Vennelaget for Løa sine kulturarr.

torsdagen før, og Hå Hagelag torsdagen før der

igjen—allå dei 3 siste torsdagane i månaden er faste

arr., burde så ikkje andre lag og organisasjoner i

bygda prøvd å unngå sine arr. på desse torsdagane???

Samarbeid er viktig.

I haust har FAU ved Varhaug Ungdomsskule starta

opp med å gå natteravn på Varhaug fredager og

lørdag - dette har styret i bygdekvinnelaget stor



sans for og har dermed tilbydd oss å hjelpe. Vi må

klare å stille med 4. personer i kvar måned, 2. pers.

kvar kveld - fleir vi er- mindre blir det å gå på kvar.

Stiller du???- Alder ingen hindring - sjå det som ein

god trim til å gå rundt i bygda og ikkje minst gjere

plassen trygg for våre ungdommer- dette er eit felles

ansvar. —Meld ifrå til styret dersom du vil bidra- vi

har oppfordret Varhaug Bondelag også om å stille.

Vi har nå hatt lefsekurs i oktober--og i januar er det

bunadkurs i regi av Bunadhjelpen - er det kurs som er

etterlengtet er det bare å ta kontakt så prøver vi å få

det til.

Vil så ynskje dykk alle ei fin advendstid – ikkje la

dykk stresse- men nyte denne førjulstid og ha så

GOD JUL.

For Varhaug Bygdekvinnelag

Oddbjørg Skrettingland.

Bånn gass

Kanskje er det andre enn meg som har vore på

Spar på handling, og fått hjelp av ein mørk, ung og

smilande mann. Nå har eg vore på bakromet på Spar

og vorte lit kjent med denne mannen:

Berhane Tesfai Weldemarian er født i Eritrea 28.

september 1988, og kom som flyktning til Norge i

september 2015. Først var han ei veker tid i Oslo, så

på Haslemoen før han kom til mottaket på Nærland.

Der hadde han ei god tid og fekk fast opphald i

Norge i april 2016. Tilbake i Eritrea sat kona Feven,

som skulle kome etter han. Då han fekk fast opphald,

måtte ho kome etter innan eit år, noko ho ikkje fekk

til. Nå sit ho som flyktning hos venner i Etiopia, og

må vente til mannen tenar nok pengar til å syta for

dei begge.

Kvifor er då Berhane hos Spar? Via Jone og Beit

Haugstad – som hadde vorte «Hå Venn» - med

Berhane, fekk Gordon kjennskap til at han trong ein

praksisplass. Han hadde starta på introduksjonskurset

i norsk, og trong ein stad å praktisera språket.

Gordon tykte dette var spanande, og håpa at

Berhane kunne vera brukande i butikken. Og dette

har vore 100 % vellukka for Gordon og Johannes

hos Spar, og ikkje minst for Berhane. Han har nå

arbeidd hos Spar eit halvt år, og stortrives. Han går

framleis på skule, men er i butikken når han ikkje er

der eller oppteken med lekser. Han har fått ansvaret

for netthandelen, og kjører ut varer

frå Bryne til Sirevåg. Gordon seier at

netthandelen er svakt aukande. Berhane,

som hadde kjørt litt bil i Eritrea, sytte

sjølv for å få sertifikat, då han forsto

at dette var viktig for jobben. I tillegg

til førefallande arbeid i butikken, er og

Berhane vaktmeister på bygget med

både litt vasking og anna. Johannes seier

han er veldig lærevillig, og er det noko

han ikkje forstår, så spør han. Han har

og eit smittande godt humør. Han

snakkar bra norsk, og har lært seg ein

god del jærsk humor. Han snakkar og

engelsk, men det var ikkje nødvendig å

bruka det språket i samtalen. Her gjekk

det både på bokmål, nynorsk og dialekt. I Eritrea er

det 9 forskjellige språk, og Berhane snakkar eitt, men

kan forstå litt av nokre av dei andre.

Når han til neste år er ferdig med introduksjonskurset

i norsk, er planen å starta på vidaregåande.

Berhane flyttar i desse dagar til Varhaug, og nå når

huset er på plass, er det og håpa at det ikkje tek for

lang tid før kona kan koma frå Etiopia. Papir og

økonomi er i orden, så då står det berre att og sjå kor

lang tid UDI brukar på denne saka.

Med skule, lekser og arbeid, vert det ikkje mykje

fritid, Men Berhane er interessert i fotball, og liker

godt og sjå kampar saman med venner på TV.

Varhaugbuen takkar for drøset, og ynskjer dette

hyggelege 3-spannet lukke til vidare.

PS. Gordon sa med eit smil at grunnen til at han og

Berhane gjekk så godt saman, var kanskje at dei begge

var fødte i Afrika.

Dersom det er einkvan som lurar på overskrifta Bånn

Gass, så er svaret fylgjande: Johannes og Gordon held

heile tida på og lære Berhane norske ord og uttrykk,

og bånn gass er ei av desse. Då ein av lærarane på

skulen ein dag spurde Berhane koss det gjekk med

han, svara han «bånn gass». Læraren vart nok ganske

overraska over svaret han fekk.

Liv



Bingo og kortspel

Det er framleis gang på desse aktivitetane på måndag. «Krågå» held til i det sosiale romet på Iden; Jæren Sparebank Arena kl. 11.30. Og bingoen held til i Eldresenteret på Varhaug kl. 15.00. Det er ein fast gjeng som møter opp kvar gong, men det er plass til fleire begge stader.



Dette såg ikkje heilt godt ut

Det er nok ikkje rett årstid for måling, men vonar at dei som har ansvaret for denne oppslagskassen ved kyrkja, tek fatt i det når det vårast. Liv



Nå æ «snublekantane» vekke

Nå treng ein ikkje lenger vera redd for knall og fall når ein går på den nye parkeringsplassen ved kyrkja. Det var mange som berre sette bilen langs vegen når dei skulle i kyrkja, for ikkje å setja helsa på spel. Men nå er det trygt og godt på parkeringsplassen, for endeleg er alle "snublekantane" vekke! Liv

Eldste basaren

Truleg den eldste bararen i bydga "Auestbasaren" vert **lørdag 5. januar 2019** på Misjonshuset

Mykje gildt på Varhaug skule

4. trinnet på Varhaug har den siste tida hatt eit viktig opplegg i naturfagtimane. Dei har lært om gjenbruk, og har i det høve samla inn tusenvis av aluminiumskorkar, som skal smeltas om til protesar i U-land.

På nettet fann eg mellom anna dette om prosjektet i Thailand: «Proteseprosjektet styres av leger og støttes av kongefamilien. I statuttene heter det at protesene skal gi gratis protese til underprivilegerte pasienter, uavhengig av sosial status, religion og nasjonalitet.



Ein sporty rektor

Denne «gjenbrukslæra», markerte trinnet med ei fellessamling i aulaen nyleg, der resten av skulen og Varhaugbuen fekk vera med. Her var det både underhaldning og mykje song og musikk. Trudde taket sko letta seg, då elevane sang «Tore Tang». Det var eleavar som leia det heile, og dei var veldig flinke, mest profesjonelle med sine små, fint tillaga huskelappar.

Samtidig skal prosjektet sørge for proteser som kan produseres fra lokale ressurser. Under dette faller omsmeltingen av innsendte boks ringer».

Prosjektet skal gå fram til 7. desember. Synd eg ikkje visste om dette før, så kunne kanskje eg og kome med nokre ringar.

5. trinnet på skulen har og arbeidd med gjenbruk. Dei har laga «skulpturrobotar», og her har elevane verkeleg fått boltra seg i mykje ting og tang. Snakk om å vera kreativ.



Eg tenkte tilbake på mi tid i skulen for mange, mange år sidan. Så heldige ungane er som veks opp i dag, med det mangfaldet av ting dei får læra og vera med på i skulen. Og som kjem i tillegg til alt det andre elementære som skal lærast. Varhaugbuen takkar for ein gild underhaldningstime på skulen, og ynskjer lærarar og elevar lukke til vidare med både skulearbeid og andre spennande prosjekt. Liv



Me håper me ser DEG!



Høstkurs 2018

Etter valg av nytt styre i August fikk hele det nye styret reise på høstkurs! Her får alle vervene kursing av fylkesrepresentanter i eget verv. I år ble det holdt på Hjelmeland spa og hotell. På fredag satte vi kursen over fjorden og kom fram i god behold. Ettermiddagen ble brukt til litt kursing og aktiviteter, mens på kvelden var det middag og sosialt samvær. Lørdagen var det tidlig opp, få i seg frokost og rett på kurs. Dette var en veldig lang men lærerik dag for mange! Vi hadde også teambuilding og kortkurs som swingkurs, førstehjelp og gårdsbesøk. Utpå kvelden tok alle finstasen på for da skulle vi på bankett. Her fikk vi tre retters middag og god underholdning og taler.

Etter middagen gikk vi inn i plenumsalen, her var det

både swing og allsang. Søndagen ble for det meste brukt til oppsummering og evaluering av helgen før vi reiste hjem igjen. Alt i alt en kanonkjekk helg!

Ledersamling 2018

Hver høst arrangerer Rogaland Bygdeungdomslag ledersamling. Da reiser alle lederne og nestlederne i lokallagene på hyttetur sammen. I år var det leder Tonje Djøseland og stedfortreder Ane Mjåtveit som reiste.

Da vi ankom Giljastølen på lørdagen var det bare å få seg til rette og så rett på møte med resten av lederne. Her ble det diskutert mye på kryss å tvers av lokallag. Senere på kvelden hadde vi taco og sosialt samvær. Dagen etterpå var det tidlig opp å evaluere helgen, og etterpå hjemreise.



1. Nemdshelg landsstevne 2020

Det er bestemt at Rogaland Bygdeungdomslag skal ha landsstevne her i Rogaland i 2020! Dette blir utrolig kjekt, men det er kjempe mye arbeid som må gjøres for at dette skal bli tidenes landsstevne! Derfor har vi allerede satt opp en egen hovedkomite som består av følgende:

Hovedkomite Leder: Arne Undheim

Nestleder: Einar Mjaaland Sele

Økonomiansvarlig: Ernst Georg Bollestad

Årsmøte/sekretariat: Elena Marie Johnsen

Forpleining: Tonje Djøseland

Vakt/ mannskap: Astrid Tunheim

Leir/ teknisk: Jarlen Løland Bråtveit

Aktivitet: Henning Røyneberg

Booking: Kristian Haugland Vestly

Info: Gina Salte Risa

Tevling: Johannes Nærland

Fylkeskontakt: Ida Marie Bollestad

Hovedkomiteen har håndplukket en god del engasjerte og gode personer til sin egen nemd. Hovedkomiteen satt i møte på fredagen og forberedte seg til lørdag da nemdene skulle komme. Da nemdene kom, startet vi dagen med litt gruppearbeid

om hvordan være en god nemdsleder. Her kom det mange gode meninger og ideer! Videre gikk alle sammen i nemdene og jobbet med å planlegge mot landsstevne. Senere på kvelden ble det taco og sosialt samvær med masse lott å løye! Tidlig søndag morgen var det opp å spise frokost for å så fortsette med planleggingen. Vi gleder oss masse til å arrangere et supert landsstevne, og vi håper vi ser akkurat DEG der!

Lumberjack tevling

I aksjonsuken i år var temaet Hogg for framtida! I denne anledningen tok vi og arrangerte lumberjack tevling. I denne tevlingen skal en tevla i fem grener. Øksekast med stor øks, øksekast med små øks, pil og bue, stokkekast og hogg på sukkerbiten. Denne tevlingen ble avholdt på grusplassen bak Iden. Vi var litt uheldige med været men er fornøyd med oppmøte uansett! Vi skilte mellom herrer og damer, og det var Johannes Nærland og Ane Mjåtveit som stakk av med seierne!

Me he dæ jysla jillt i BU! Men dæ æ alltid plass te fleire!





Lensmannsløa ungdomsklubb

Ungdomsklubben fungerer svært godt, og det er gildt å treffa stadig nye fjes. Me er stolte av å ha ein klubb med god stemning og mykje varme. Den siste tida har me hatt mellom 50 og 60 ungdom innom kvar tysdag, det er heilt fantastisk!

God mat og kaker, masse ulike aktivitetar og godt drøs ser ut til å vera ei fin oppskrift. Me feira nettopp Halloween med spøkelsesrom i musikkrommet, og ulike aktivitetar. Snart vert det kino og juleaktivitetar, og kanskje til og med ein romjulskino om alt går etter planane.

På klubben har me 3 faste vaksne og ein lærling. Med så mange ungdom som me har besøk av no, skulle me gjerne vore fleire. Ikkje fordi ungdommen oppfører seg dårleg, men fordi mange syns det er fint å ha vaksne å snakka med, og vera med på spel og aktivitetar.

Me er alltid glade for tips eller besøk, så om du sit der med ein flott ide, eller plan, ta gjerne kontakt

Monica C Herredsvela





Besøk frå Iran



Til møtet til bygdekvinnelaget i oktober hadde me besøk av Sosan Agari Mollestad, Ho er flyktning frå Iran, som ga dei frammøtte ei fantastisk forteljing frå livet i Iran. Her saman med leiaren i bygdekvinnelaget; Oddbjørg Skrettingland.

Årsmøte

På årsmøtet til Varhaug bygdekvinnelag, var det Ståle Ree som stod for underhaldninga.



Håkon Varhaug – ny leiar i Varhaug bondelag

På årsmøtet i laget på Lerbrekk skule 25. oktober, vart det ei endring i styret. Geir Erik Aanestad takka for seg, og nestleiar, Håkon Varhaug tok på seg oppgåva som ny leiar for eit år. Med seg i styret fekk han to nye; Olaug Varhaug Siqveland og Thomas P. Skretting samt Per Kristian Skrettingland Haarr, som ikkje var på val og Thomas Vagle som tok attval for to nye år. 1. vara – som møter fast på møta – Lars Torgny Ånestad, tok og attval. Anette Håland og Sven Sturla Håland – begge nye -vart 2. og 3. vara. Sistnemnde vart og valt som styremedlem i Internatet Varhaug SA.

Varhaug bondelag hadde 21. august 2018 240 medlemmar. Dette er 10 færre enn same tida året før. Det har vore 16 utmeldingar, men laget har fått 10 nye i denne perioden.



Denne høsten har korpset hatt litt ekstraøvinger, og vi har også invitert tidligere musikanter til å være med på en liten jubileumskonsert. Denne ble avholdt 16. November. Meir om den og bilete kjem i neste nummer av varhaugbuen. Vi går nå mot en fin og litt travel korpstid, med både speling på julegrantenning og andre ting fram mot julaften, då me som vanleg tradisjonen tro spelar i kyrkja. Me er en god gjeng i korpset. Denne hausten hadde me og lyst til å få tatt nokre fine bilete av korpset. Dette har me fått hjelp av den gode og lokale fotografen Asle Haukland til. Me er veldig fornøyd med resultatet av dette. Ellers så held me i styret på å planleggje neste års sommertur. Det vert en utanlandstur, men me har ikkje heit bestemt kor. Men dette gleder alle seg til.

Mvh Styret

Kjartan Aanestad, Anne Håland, Tone Rigmor Hovland Borgen og Lars Ole Bergersen (Dirigent)

Ein liten mimre- og jubileumskonsert

Fredag kveld. Har nett kome heim frå mimre- og minikonserten på skulen, og dette var ein gild kveld som rørte ei «gammale» korpsmor. Og her var mange andre foreldre/besteforeldre som både hadde spela i korpset tidlegare og som hadde hatt ungar i korpset. Til vanleg er dei ikkje mange i korpset på Varhaug, men i kveld hadde dei fått med seg 9 som hadde spela før. Og samspelet med desse var utruleg bra. Så mange, og kanskje endå fleire, skulle dei alltid vore. Kvifor slit korpset med rekrutteringa? Det er kanskje ikkje kult nok? og det er meir spanande med idrett og anna? Skulle ynskja at foreldra «pyssja» litt på ungane for å få dei interessert i korpset. Og det var som ein sa i kveld: «I korpset er det ingen reservebenk, her er alle med». Lukke til vidare, og mitt håp er at korpset får endå fleire nye til neste år.

Liv



Bak f.v.: Kjartan, Elisabeth, Sveinung, Sven Arne, Ingve Framme : Toby, Renate, Hilde og Marit.



Tur til Steinkjerringa med Svala 4H

I september gikk fleire av medlemmane i Svala 4H til Steinkjerringa. Tross litt regn i lufta var det mange som møtte på Vandavatnet, og gikk opp til Steinkjerringa her i frå. Medlemmane hadde og med prosjektbøkene og leverte desse.

Sanne Skeie



Leiar: Sanne Skeie
 Nestleiar: Oline Johnsen
 Sekretær: Ingrid Stokkeland Særheim
 Kasserar: Thea Lerbekk
 Styremedlem: Ingvild Topdal Sæland
 Styremedlem: Ronja Jensen Nærland (ikke tilstede på bildet)
 Aspirantleiar: Karine Berge

Styret i Svala 4H



4H Landsleir 2018

Den 21.-28. juli reiste me i Svala 4h på Varhaug til landsleir på Øksnevad VGS. Me var 11 stk frå Svala som reiste, og me hadde det fantastisk saman med 1 100 andre 4h-arar frå heile landet.

Me starta veka med Slaget på Øksnevad, som er ei blanding av bli kjent leikar og ein natursti med preg av Jæren. Me hadde tevlingar som å rulle ein rundballe raskast, putekrig på eit røyr ein og ein halv meter over bakken, bygge ein menneskeleg varde og meir. Me var store grupper og blei godt kjend både innanfor gruppene og med folk me møtte på postane. På kvelden reiste heile leiren til Kongeparken og oppheld seg der i 5 timar. Dei tre neste dagene var me på sjølvvalde aktivitetar. Når me meldte oss på kunne me velje mellom alt frå å gå til preikestolen til sminke- og slaktekurs. Etter desse tre hektiske dagene med aktivitetar var det open dag der alle

som ville kunne kome å sjå. Det vart sett opp ei matgate og både Volvo og Bygdeungdomslaget kom med jille aktivitetar. For leirdeltakarane var det og volleyballturnering i heten. Det var så varmt dei to siste dagene a det blei sett opp 1000 liter tankar med utblanda saft som deltakarane kunne ta av for å kjøle seg ned. På fredagen var det eigentleg planlagt at me skulle på byvandring i Stavanger, men på grunn av høg temperatur var me heller på leiren og hadde vannballongkrig.

Siden mange av leirdeltakarane skulle reise midt på natta den kvelden hadde me avslutningssermonien på fredagen, og neste dag var over halve leiren reiste. Så då var det bare for Rogalendingane å pakke saman og putla seg heim, og me ser dei igjen til Nordisk leir på Bornholm i 2019.

Helle Skretting

Haustfest i Svala 4H



Ragnhild Skretting, Tobias Aanestad jr. Jenny Ånestad

26. oktober var Varhaugbuen invitert til haustfesten, som vart feira i gamle hallen på Iden. Trur aldrig eg har vore på nokon haustfest med så mange frammøtte før, men så var det og nærare 80 utstillingar. Det var fleire ulike oppgåver medlemene hadde arbeidd med i året, men eg trur det var oppgåva «Vi baker» som hadde flest utstillingar.

Helle Skretting var dyktig som programleiar, og dei frammøtte fekk med seg både underhaldning og merkeutdeling i tillegg til god mat. I år var det 3 som fekk tildelt plaketten; Jenny Aanestad, Ragnhild Skretting og Tobias Aanestad jr. I tillegg til at dei gjennom mange år har løyst ymse forskjellige oppgåver, har dei og vore med i styret i Svala 4H. Dette er ei god erfaring dei kan ta med seg vidare i arbeidslivet.

Liv



HALLBASAREN 2018

Sundag 2. desember kl. 1600

- 15.45 Dørene åpner
- 16.00 Sang av Varhaug Yngres- og Ungdomskor
- 16.15 Turnen opptrer
- 16.30 Servering av gratis grøt og saft
- 17.10 Idrettsskolen opptrer
- 17.30 Trekning

Mange flotte gevinster – vel møtt!

Ein farleg veps

Då eg var på jentetur i Kroatia nyleg, vart eg stukken av ein veps på lippa. Og det var nok ein «giftig» veps, for snart såg eg ut som eg hadde fylt på med butox. Sjølv om ein var rask med både allergitablett og nedising, endra eg utsjåande fort. Heile underkjeven hovna opp, noko som varde ganske lenge og var ganske så ubehageleg.



Utanom dette, var det en veldig gild tur. Me var 30 damer, der 20 av dei sykla, kvar dag alle utan noko uhell, mens eg som berre gjekk tur, møtte ein veps. Damene kom frå Suldal, Sola, Randaberg Klepp, Time og 6 frå Hå; Kjellaug Thu, Gerd Lode og Grete Line frå Nærbø, og Kirsten Nord-Varhaug Møyfrid Skretting pluss meg. Alle desse var ivrige på sykkelen, berre ikkje eg.

Liv

Kunstutstilling i Lensmannsløa



Helga 2. – 4. november hadde Odd Dudland og Arnfinn Røyland kunstutstilling i Lensmannsløa.

Odd har hatt fleire utstillingar på Varhaug før, men aldri i Løa. For Arnfinn var det fyrste gongen han stilte ut på Varhaug. Odd er frå Varhaug men bur på Ålgård medan Arnfinn bur på Gandal. Begge maler landskapsmotiv. Arnfinn hadde og bilder av dyr frå Afrika etter fleire års opphald i Kenya.

Dette var bilder som appelerte til folk, for det var mykje folk alle dagane. Ja, det kom faktisk besøkjande frå Karmøy.

Ramen rundt utstillinga var og spesiell ved at Vennelaget solgte kaffe og kaker kvar dag og suppe på lørdag. Det var mange som nytta seg av denne muligheten til ein matbete og drøs.

Salget var godt og utstillarane gav uttrykk for at dei hadde trivdes i Løa.

Astrid Skretting

En alliansebank i eika.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?

Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.

Du kan'kje drikke kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.

Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.

Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi ployer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.

Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank



Solarium
Det er stor helsegevinst
med et godt D-vitamin-nivå

Haga & Salangen AS
Dag- og helsestipp

RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69



TAH
BYGG AS

BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



- Alt innen tømmerarbeid
- Rehabilitering bad, vi ordner alt.
- Tilbygg/ påbygg
- Nytt tak, nye vindu, ny kledning
- Etterisolere boligen

BYGGMESTER
SKRETTLINGLAND & LOBEKK AS

Telefon 982 46 475 - Mail post@bm-sl.no



BDO AS
Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no



SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

BIBLIOTEKET I HÅ

Bokkafé for barn

i biblioteket på Varhaug



Torsdag 6. desember kl. 17.30-18.30

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker

Frå ca. 4 år til og med 2. klasse. Gratis!


Enkel servering



Sjur Håland møter Gaute Heivoll på biblioteket på Varhaug 7. februar

Torsdag 7. februar kjem forfatteren Gaute Heivoll til biblioteket på Varhaug for å lese frå den siste boka si, Sang for sekstiåtte forrædere og samtale med Sjur Håland om boka. Handlinga i romanen er lagt til andre verdskrigen i ei lita bygd på Sørlandet, og er ein roman om forbrytelse og straff, om skuld og soning, om skam og tilgjeving. Bokmeldar Maya Troberg Djuve skreiv i Dagbladet at dette er ei «nyansert beretning om samhold og splittelse, straff og rettferdighet. Om tap og kjærlighet som aldri glemmes - om kriger som for enkelte aldri tar slutt.»

Arrangementet startar klokka 18.00, og vi serverer kaffi, te og twist. Velkommen!



ÅPNINGSTIDER

MANDAG 14:00-16:00

TORSdag 14:00-16:30

VI ER SOM REGEL I OMRÅDET,
SÅ ER DU HER UTENOM
ÅPNINGSTIDEN RING TERJE
MOB: 917 46 992



Tlf: 51 47 22 00 - www.vb.no



Hå hagelag

Julemøte 13. desember i
Lensmannsløa kl. 19.00

Vi får besøk av Veronica Årsvold,
Blomsterkvasten på Kleppe.

Sang av Ester Mattingdal.
Riskrem og småkaker.

Alle velkomne!



Juletreffest på Lerbrekk

Fjerde dag jul, torsdag 28. desember 2018 kl. 18.00 er det juletreffest. Gaute Øgreid Rasmussen vert med. Agnes og Olav spelar. Det vert posar til ungane. Julebrød og lefse til dei vaksne. Gang rundt juletreet. Inngangspengar. Velkomen til store og små, unge og eldre.

Vennelaget



R.SKRETTLING A.S.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
12. februar 2019

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Redaksjonen ynsker alle ei fin julehelg og godt nyttår!



ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81



Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

VINTERTILBUD I FK BUTIKKEN

VARMEDRESS
FK GRØNN
Str. XS-3XL

699,-
(899,-)



VINTERSTØVEL
MUCKBOOT
ARCTIC SPORT

Vanntett støvel produsert i 4-veis strekkbar
nylon. Temp. +16 -40 °C. Str. 37-48.



999,-
(1099,-)

FK BUTIKEN VARHAUG
TLF. 51 77 14 70

ÅPNINGSTIDER
Man-fre kl. 8-17 Lør kl. 9-14



butikken

fkra.no/fkbutikken

Forbehold om utsolgt og trykkfeil i annonsen